



Arkivnr: 2014/16062-12

Saksbehandlar: Inge Døskeland

Saksframlegg**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---------------|--------|------------|
| Fylkesutvalet | | 23.06.2016 |

Uttale til Kystverket Vest om prioritering av statleg tilskot til infrastruktur i fiskerihamner for 2017**Samandrag**

Ein sentral føresetnad for utvikling av både akvakultur og fiskerinæringane er tenelege hamner og landbaserte anlegg som kan tene fiskeflåten, ta imot og vidareforedle og leggje til rette for transport til marknadane innan- og utanlands. Utbetring av fiskerihamner er ei lekk i å forbetre maritim infrastruktur i Hordaland og soleis viktig for regional utvikling. Fylkeskommunen ynskjer å oppretthalde og vidareutvikle fiskerihamnene både for å sikre fiskerinæringa og styrke lokalsamfunna.

Regjeringa i 2016 sette av 60,5 mill. kr i Statsbudsjettet kap 1360 post 60 – tilskot til kommunale fiskerihamnetiltak. Dette er inklusiv tilsegn om tilskot som er gitt til prosjekt tidligare år for budsjettåret 2016 (20,5 mill. kr.). Disponibelt beløp på denne posten for 2017 vert ikkje endeleg klart før statsbudsjettet vert lagt fram til hausten. Samla totalkostnad for søknader som Kystverket har motteke i år er omlag 450 mill. kr. Det vert løyvd tilskot opp til 50 % av projektkostnaden.

Kystverket Vest forvaltar prosessen med høyringsrundar for vurdering av søknader der mellom andre fylkeskommunane, kommunane og Fiskeridirektoratet er partar. Kystverket ber Hordaland fylkeskommune i brev av 28.04.2016 om uttale til, og prioritering av, dei tre søknadane frå Hordaland innan 01.06.2016. Fylkeskommunen fekk i telefonsamtale 06.06.2016 lenging av frist for uttale. Inn til politisk vedtak føreligg vert Kystverket gjort kjent med rådmannen si administrative innstilling. Framlegget er basert på regionale politiske føringar gjennom plan (vedlegg). Vidare er uttalene frå Fiskarlaget Vest og Fiskeridirektoratet ved forvaltningsseksjonen i region Vest tillagt vekt. Fylkeskommunen har vore i kontakt med dei tre aktuelle kommunane ved kontaktperson/administrasjonssjef og Fiskarlaget Vest for innhenting av tilleggsinformasjon.

Bakgrunn

Dei omsøkte prosjekta er:

| Kommune | Lokalitet | Type tiltak | Totalkostnad | Omsøkt tilskot |
|-----------|------------------|--------------------------|--------------|----------------|
| Austevoll | Salthella | Fiskerikai, byggetrinn 2 | 10 933 330,- | 5 466 665,- |
| Fitjar | Hellandsstraumen | Utviding av seglingsløp | 5 422 500,- | 2 710 000,- |
| Kvinherad | Kobbekbukta | Kai, hamneanlegg | 12 932 000,- | 4 466 000,- |

Austevoll – Salthella – Bygging av kai 3, slutføring av prosjekt

Dette prosjektet er ei vidareføring av eit større prosjekt med totalt tre kaianlegg innafor ein ny molo som vart ferdigstilt i 2015. To av dei tre kaiane er allereie gitt finansiering i tilsegn frå februar 2016. Framdrift for bygging av desse to kaiane er i anbudsfasen. Forventa byggetid etter aksept av anbod er omlag 15 månader.

Dette aktuelle omsøkte prosjektet for fase to gjeld den tredje kaia. Det er inga tvil om at ferdigstilling av Salthellaanlegget representerer størst **nasjonal verdiskaping** i høve til tilrettelegging for fiskeriflåten.

Prosjektet er prioritert høgast av Fiskeridirektoratet.

Fitjar – Hellandstraumen – Utviding av seglingsløp

Dette prosjektet skil seg frå dei andre ved at det først og fremst er tenkt å dekkje behov i akvakulturnæringa. Prosjektet skal sørge for utviding av hamneinnløp i bredde og djupne for at eit settefiskanlegg (Sjøtroll Havbruk AS) og andre verksemder skal kunne ta i mot moderne brønnbåtar. Det aktuelle settefiskanlegget er i gang med ei større kapasitetsutviding.

Kvinnherad – Kobbebukta – Oppgradering av fiskerihamn

Kommunen ser at det lokalt har vore positiv rekruttering til kystfiskeflåten, og at ynskje om å få tilgang til eit moderne hamneanlegg aukar. Det er særleg positivt at det er fleire unge som ynskjer seg inn i næringa. Samvirket «Fisk frå fjorden» er viktig for å organisere verksemda og sette fokus på lokalmat. I dag vert fisk kjørt til mottak i Nordhordland, men det kan tenkjast at tilrettelegging av infrastruktur i kommunen på sikt kan utløyse fleire lokale tilbod. Med ei utbygging av fiskerihamna, er det grunn til å rekna med at leveransane av fisk vil koma til å auka att. Tiltaket er derfor svært interessant for **lokal verdiskaping** og utvikling av lokalsamfunnet i ein sårbar region med omsyn til næringsutvikling og arbeidsplassar.

Diskusjon

Fylkeskommunen rår til at alle tre prosjekta vert prioritert ut frå at dei er viktige på kvar sin måte, nasjonalt, regionalt og lokalt. Alle prosjekta er særleg godt forankra, godt økonomisk fundert og realiserbare. Utifrå omsøkt totalbeløp og antatt budsjettstorleik kan det skje at det må gjerast prioriteringar nasjonalt. I slikt tilfelle ynskjer vi at prosjekt som eventuelt ikkje når opp i den nasjonale prioriteringa vert tatt omsyn til i neste års runde.

Prosjektet i Austevoll er prioritert fordi det er naudsynt å slutføre dette store prosjektet med høgast verdiskapingspotensiale for heile regionen. Tenestene frå dette anlegget vil vere eit gode for dei andre kommunane. Om kystverket vurderer prosjektet annleis bør tiltakshavar involverast i ein prosess som skisserer tidsplan for slutføring av Salthellaprojektet.

Prosjektet i Fitjar bør prioriterast etter Salthella for snarast mogleg gjennomføring. Prosjektet er særleg viktig for vekst i akvakulturnæringa og dermed framtidig **regional verdiskaping**. Det er sannsynleg at prosjektet kan realiserast raskt sidan det er sterk økonomi i næringa og utvidinga av settefiskanlegget allereie er igangsett. Det er vidare positivt for realisering at omsøkt beløp er lågt i høve til dei andre prosjekta. Om prosjektet ikkje skulle kome opp i den nasjonale prioriteringa er det ynskjeleg at det vert vurdert tilskot frå andre kjelder som til dømes «Ordninga med statleg fullfinansiering av farledstiltak».

Prosjektet i Kvinnherad vil kunne realiserast også om tilskot vert gjeve neste år. Eigenfinansiering er basert på kommunal garanti og tenkt finansiert ved hamneavgift. Det er ikkje gjort endeleg budsjettvedtak for dette i kommunen, men det ligg føre vedtak med positiv innstilling. Vidare er prosjektet så nyttig for lokalsamfunnet at ein og kan vurdere andre finansieringsmodellar knytt opp mot omstillingsmidlar, kompensasjonsmidlar osv.

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet rår til at alle dei tre omsøkte tiltaka for hamneutvikling i Hordaland vert innvilga av Kystverket for tildeling av statleg tilskot over Statsbudsjettet kap 1360 post 60 for 2017.
2. Om det vert naudsynt å prioritere mellom tiltaka ynskjer fylkesutvalet at prosjekta vert vurdert i denne rekkefølge: Austevoll kommune – Salthella, Fitjar kommune – Hellandsstraumen, Kvinnherad kommune – Kobbebukta.
3. Om eit eller fleire av prosjekta ikkje skulle nå opp i den nasjonale prioriteringa for 2017 ynskjer fylkesutvalet at tiltaka skal vurderast for andre finansieringsordningar eller for kommande periodar.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 08.06.2016

Her startar saksutgreiinga